



Referat årsmøte 21. MARS 2024

Klenkarberget kl 20

Sak 1 Setting av møtet

- a. Leiar helsar velkomen
- b. Innkalling og sakliste vart godkjend
- c. 13 Røysteføre var til stades
- d. Val
 - i. Arild vart vald til møteleiar
 - ii. Øyvind vart vald til skrivar
 - iii. Asgeir og Ove Mikal vart vald til å skrive under møteboka

Sak 2. Årsmeldingar

Viser til årsmeldingane

- a. Hovudstyret

Ingen innvendingar

- b. Alpingruppa

Ytra bekymring for aktivitet og rekruttering, men anders fekk berømming for sin innsats for å halde aktiviteten oppe

- c. Fotballgruppa

Ingen innvendingar

- d. Friidrettsgruppa

Ingen innvendingar

- e. Langrennsgruppa

Ingen innvendingar

Tilråding frå hovudstyret

Dei framlagde årsmeldingane gjev eit sant bilde av aktiviteten og vert godkjent utan innvendingar

Årsmeldingane vart godkjende

Sak 3. Rekneskap

Viser til rekneskapet og rapport frå kontrollutvalet.

- a. Rekneskapet

- 1. Hovudstyret

Ingen innvendingar

- 2. Alpingruppa

Ingen innvendingar

- 3. Fotballgruppa

Ingen innvendingar

- 5. Friidrettsgruppa

A.B

Ove Mikal

Utgreia om høg deltakaravgift. Fleire øvelsar på kvar enkelt deltakar

7. Langrennsgruppa

Ingen innvendingar

8. Idrettslaget

b. Balansen

Høge utgifter med oppstart av nytt reknskapsystem

c. Rapport frå kontrollutvalet

Tilråding frå hovudstyret

Det framlagde rekneskapet vert godkjent og underskotet på kr 90 046,- skal dekkast av eigenkapitalen.

Godkjent utan innvendingar

Sak 4. Budsjett

Viser til budsjetta

a. Hovudstyret

Ingen innvendingar

b. Alpingruppa

Ingen innvendingar

c. Fotballgruppa

Ingen innvendingar

d. Friidrettsgruppa

Ingen innvendingar

e. Langrennsgruppa

Ingen innvendingar

Tilråding frå hovudstyret

Dei framlagde budsjetta vert godkjente.

Budsjetta vart godkjennd

Sak 5. Medlemskontingent og treningsavgift

A: Medlemskontingent

Noværande satsar

For aktive under 18 år: kr 100,-

For aktive/tillitsvalde over 18 år: kr 250,-

For familie: kr 450,-

For støttemedlem: kr 200,-

Tilråding frå hovudstyret

Ingen endring av medlemskontingenten.

Godkjent utan innvendingar

B. Treningsavgift

Tilråding frå hovudstyret

Hovudstyret får fullmakt til å godkjenne treningsavgiftene i gruppene.

Vedtatt

AB

Per M. Z.

Sak 6. Rehabilitering av klubbhus

Bakgrunn

Årsmøtet 27.04.2021 vedtok ein plan for rehabilitering av klubbhuset med ei kostnadsrame på 2.100.000 kr og med bruk av egenkapital på 500.000 kr. Det blei levert ein søknad om spelemidlar som då blei godkjent og seinare fornya årlig. Nyleg kom det motsegn frå fylkeskommunen på søknaden og vi har frist til etter påske med å justere den. Gjennomgang av endringar. Handicap WC oppe og nede, overbygg inngang oppe, struktur av innvendige veggjar og nytt lager. Kalkylen er ikkje ferdig

Tilråding frå hovudstyret

Det skal utarbeidast ein justert søknad som etterkjem motsegna frå fylkeskommunen. Kostnadsrama kan overstige vedteken kostnadsrame, både totalt og bruk av egenkapital.

Hovedstyret får fullmakt med gruppeleiarane om å sette rammevilkår når all informasjon og kalkyle er ferdig,

Tilrådinga blei vedteken

Sak 7. E-sport

Bakgrunn

Hovudstyret har fått innspel frå nokre medlemmar gjeldande e-sport, e-sport er ein sport innan idrettsforbundet. Desse medlemmane ser helst at interessa for e-sport vert kartlagd før ei eventuell e-sport gruppe blir oppretta. Dette betyr at e-sport som aktivitet i idrettslaget vil i fyrste omgang bli lagt under hovudstyret med eit e-sport utval som fagleg ansvarlig. Oppretting av ei e-sport gruppe kan då bli aktuelt ved neste årsmøtet.

Inga tilrådning berre til info

Sak 8. Organisasjonsplan

Tilråding frå hovudstyret

Eksisterande organisasjonsplanen er i samsvar med idrettslagets lov, idrettslagets organisering og særforbunda sin organisering og blir uendra.

Vedtatt

Organisasjonsplanen er utforma på bakgrunn av idrettslagets lov og viser følgjande:

- Idrettslagets styre og faste utval.
- Gruppene til idrettslaget.
- Organisasjonar som idrettslaget har representantar til.
- Kva organ som vel/utnemnar dei ulike styra/utvala.


Haugen idrettslag har følgjande grupper

fotball, friidrett, ski, ski-langrenn og ski-alpint.

Utval og representantar som er knytt til eit styre blir utnemnd av det styret.

AB

Ozma 2021



Sak 9. Val etter lovene

Viser til innstillinga frå valnemda.

Innstillinga frå valnemda blei vedteken utan innvendingar.

Tillegg

Anna som representant frå HDBUL snakka om tilstanden til gymsalen\gamleskulen. dei etterlyser ein felles uttalelse og engasjemang frå bygda om kva vi skal foreslå frammover. Møte 3. april

Utdeling av gåvekort til avtroppande styremedlemmar Tone Anette, Asgeir og Steven samt Solveig for lang innsats for laget.

Øyvind Haugland
Referent

Asgeir Bakke
Asgeir Bakke

Ove M. H.
Ove Mikal Haveland